LINDÅS KOMMUNE
Byggesak

ByggesakNorge AS

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Trygve Solberg | 10.09.2014 |
| Vår: 14/4692 - 14/20572 | Trygve.Solberg@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest - gbnr 102/129, Vabø - bustad

**Tiltakshavar:** Hilde Jordal og Thor-Brede Kvalvåg, 5956 Hundvin
**Ansvarleg søkjar:** Byggesak Norge AS, 2381 Brumunddal
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 02.07.2013. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.
Det vert elles vist til søknad motteken 26.08.2014.
Skildring

| | |
|---|---|
| Adresse: | Ørnetua 19. |
| Bygningstiltak: | Einebustad med garasje |
| Bygningsnummer: | 300447111 |
| Bruksareal: | 235m$^2$ |
| Avlaup: | Offentleg |
| Vatn: | Privat (brønn) |
| Tal på røykløp: | 1 |

VEDTAK:
Med heimel i plan- og bygningslova §21-10 vert det gjeve ferdigattest for einebustad på gnr. 102, bnr. 129.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. §20-1, bokstav d.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.
Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.
Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*